



# MØTEPROTOKOLL

**Utval:** Formannskapet  
**Møtestad:** Voldsfjorden, Volda rådhus  
**Dato:** 04.04.2018  
**Tid:** 12:00

Faste medlemmer som møtte:

Namn	Funksjon	Reprenterer
Jørgen Amdam	Leiar	AP
Fride Schjølberg Sortehaug	Nestleiar	V
Odd Harald Sundal	Medlem	SP
Sølvi Dimmen	Medlem	SP
Margrete Bjerkvik	Medlem	KRF
Anders Egil Straume	Medlem	KRF
Odd Arne Folkestad	Medlem	FRP
Dan Helge Bjørneset	Medlem	H

Faste medlemmer som ikkje møtte:

Namn	Funksjon	Reprenterer
Gunnar Strøm	Medlem	SV

Varamedlemmer som møtte:

Namn	Møtte for	Reprenterer
Øyvind Festø	Gunnar Strøm	MDG

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Rune Sjurgard	Rådmann
Heidi Istad	Planleggar PS 52/18
Regine Solberg Aklestad	Planleggar PS 52/18
Per Heltne	Planleggar PS 52/18, PS 53/18, PS 54/18, OS 48/17 OS 49/18
Per Ivar Kongsvik	Oppvekstsjef OS 48/18
Rune Totland	Teknisk sjef OS 41/18 og OS 47/18
Asbjørn Moltudal	Rådgevar PS 54/18



## **SAKLISTE**

<b>Saksnr.</b>	<b>Sak</b>
<b>PS 50/18</b>	<b>Godkjenning av innkalling og sakliste</b>
<b>PS 51/18</b>	<b>Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte</b>
<b>PS 52/18</b>	<b>Senterstruktur, sentrumsavgrensing og funksjonsfordeling - Arealdelen - Planid 2016005</b>
<b>PS 53/18</b>	<b>PlanID 2016010 - Plan for Studentbustader på Langvatn/Heltne - Gbr 20/334 Slutthandsaming av plan, jf. PBL §12-12</b>
<b>PS 54/18</b>	<b>PlanID 2012008-01 Reguleringsplan Øvre Rotset Næringsområde. Mindre endring etter avtale om grunnkjøp/skjønn. gnr 30 bnr 4.</b>
<b>PS 55/18</b>	<b>Månadsrapport februar 2018</b>
<b>PS 56/18</b>	<b>Årsmelding og skatterekneskap for 2017</b>
<b>PS 57/18</b>	<b>Haslevegen 3 - kjøp av eigedom</b>
<b>PS 58/18</b>	<b>Høyring om søndagsopne butikkar</b>
<b>PS 59/18</b>	<b>Orienteringssaker</b>
<b>OS 40/18</b>	<b>Barnehageplass i Hornindal for barn busette i Volda kommune</b>
<b>OS 41/18</b>	<b>Kontrollutvalet - Orienteringar frå rådmannen sak 17/18</b>
<b>OS 42/18</b>	<b>Søre Sunnmøre tingrett - endring av domstolsgrenser</b>
<b>OS 43/18</b>	<b>Politidirektoratet - Korrigerering av brev vedrørende beslutning om inndeling av namsdistrikt</b>
<b>OS 44/18</b>	<b>Polititenesta i nye Volda kommune</b>
<b>OS 45/18</b>	<b>Polititenesta i Volda etter overgang til ny lokal struktur 1. april</b>
<b>OS 46/18</b>	<b>Rovde Grendalag, Velsvik og Lauvstad grendautval og Innselset og Dravlaus grendalag - Innspel til nytt anbod ferjesambandet Volda-Lauvstad</b>



## VOLDA KOMMUNE

- OS 47/18**            **Skiltplan for Volda sentrum**
- OS 48/18**            **Trafikksituasjonen ved Bratteberg skule**
- OS 49/18**            **Trafikktilhøve ved Vikebygdvegen**

### **PS 50/18 Godkjenning av innkalling og sakliste**

#### **Handsaming:**

Det var åtte møtande ved møtestart.

#### **Innkalling**

Det var ingen merknader til innkallinga.

#### **Sakliste**

Ordføraren trekte sak OS 39/18.

Ordføraren kom, på vegne av Sølvi Dimmen, med framlegg om å sette følgjande saker på saklista: Skiltplan Volda sentrum, trafikksituasjonen kring Bratteberg skule og trafikktilhøve ved Vikebygdvegen.

Dan Helge Bjørneset reiste spørsmål om Volda kommune har sendt innspel til fylkeskommunen vedk. lokalisering av tannhelsetenesta. Ordføraren vil arbeide vidare med saka.

Odd A. Folkestad møtte kl. 12.10.

Margrete Bjerkvik reiste spørsmål om rutinar kring fakturering av samfunnshuset på 17. mai. Volda skulekorps skal ha kafe på samfunnshuset. Rådmannen informerte om at skulekorpset bør søkje skriftleg til kommunen om fritak for leigegifter på 17. mai.

Odd Harald Sundal informerte om at fleire opplever å ikkje få tilbakemelding på henvendingar til kommunen. Rådmannen vil ta opp saka med sektorane.

Rådmannen informerte om at ein vil lyse ut kinosjefstillinga internt i kommunen.

#### **Røysting:**

Innkalling og sakliste, med endring og tillegg frå, ordføraren, Sølvi Dimmen, Dan Helge Bjørneset, Margrete Bjerkvik, Odd Harald Sundal og rådmannen, vart samrøystes godkjent.



## VOLDA KOMMUNE

### **PS 51/18 Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte**

#### **Handsaming:**

Margrete Bjerkvik kom med slik merknad til protokollen frå sist møte:

Røysting habilitet sak PS 42/18. Det var Anders Egil Straume som røysta for habilitet i saka, ikkje Margrete Bjerkvik, slik det vart protokollert.

#### **Røysting:**

Møteprotokollen frå sist møte den 13.03.2018, med korrigering frå Margrete Bjerkvik, vart samrøystes godkjent.

### **PS 52/18 Senterstruktur, sentrumsavgrensing og funksjonsfordeling - Arealdelen - Planid 2016005**

#### **Administrasjonen si tilråding:**

*Saka vart lagt fram utan tilråding.*

#### **Handsaming:**

Frå planavdelinga møtte: Regine Aklestad, Heidi Istad og Per Heltne.

Formannskapet drøfta saka. Regine Aklestad svara på spørsmål frå formannskapet.

Ordføraren kom med slikt framlegg:

*Formannskapet tek saka til vitende og viser til vedtak 12.12.2017, sak PS 219/17.*

#### **Røysting** (ni røysteføre):

Framlegget frå ordføraren vart samrøystes vedteke.

#### **Vedtak i formannskapet - 04.04.2018 :**

*Formannskapet tek saka til vitende og viser til vedtak 12.12.2017, sak PS 219/17.*

### **PS 53/18 PlanID 2016010 - Plan for Studentbustader på Langvatn/Heltne - Gbr 20/334 Slutthandsaming av plan, jf. PBL §12-12**

#### **Administrasjonen si tilråding:**



## VOLDA KOMMUNE

*Detaljreguleringsplan for - Studentbustader på Langvatn/Heltne-plan ID 1519-2016010 , slik det går fram av plankart og føresegner sist datert 13.03.2018, vert godkjent i samsvar med reglane i plan og bygningslova §12-12*

### **Handsaming:**

Planleggar Per Heltne orienterte.

### **Røysting** (ni røysteføre):

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.

### **Tilråding i formannskapet - 04.04.2018 til kommunestyret:**

*Detaljreguleringsplan for - Studentbustader på Langvatn/Heltne-plan ID 1519-2016010 , slik det går fram av plankart og føresegner sist datert 13.03.2018, vert godkjent i samsvar med reglane i plan og bygningslova §12-12.*

**PS 54/18 PlanID 2012008-01 Reguleringsplan Øvre Rotset Næringsområde. Mindre endring etter avtale om grunnkjøp/skjønn. gnr 30 bnr 4.**

### **Administrasjonen si tilråding:**

*Reguleringsendring for Øvre Rotset næringsområde slik det går fram av endra plankart datert 12.01.2018, jf planbase Øvre Rotset næringsområde-justert plan, vert godkjent med heimel i Plan og bygningslova §12-14.*

### **Handsaming:**

Planleggar Per Heltne og ass. rådmann Asbjørn Moltudal orienterte.

### **Røysting** (ni røysteføre):

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.

### **Vedtak i formannskapet - 04.04.2018:**

*Reguleringsendring for Øvre Rotset næringsområde slik det går fram av endra plankart datert 12.01.2018, jf planbase Øvre Rotset næringsområde-justert plan, vert godkjent med heimel i Plan og bygningslova §12-14.*



## VOLDA KOMMUNE

### **PS 55/18 Månadsrapport februar 2018**

**Administrasjonen si tilråding:**

*Månadsrapport for februar 2018 vert teke til vitande*

**Handsaming:**

**Røysting** (ni røysteføre):

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.

**Vedtak i formannskapet - 04.04.2018:**

*Månadsrapport for februar 2018 vert teke til vitande*

### **PS 56/18 Årsmelding og skatterekneskap for 2017**

**Administrasjonen si tilråding:**

*Kommunestyret tek årsmelding og skatterekneskapen for 2017 til vitende.*

**Handsaming:**

**Røysting** (ni røysteføre):

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.

**Tilråding i formannskapet - 04.04.2018 til kommunestyret:**

*Kommunestyret tek årsmelding og skatterekneskapen for 2017 til vitende.*

### **PS 57/18 Haslevegen 3 - kjøp av eigedom**

**Administrasjonen si tilråding:**

*Kommunestyret syner til formannskapet sitt vedtak i PS-sak 49/18, og vedtek å kjøpe eigedomen Haslevegen 3, gnr. 118, bnr. 18 i Volda kommune for ein kjøpesum stor kr. 7.100.000,-. I tillegg kjem kostnader knytt til kjøpet.*



## VOLDA KOMMUNE

*Kjøpet vert å finansiere med låneopptak og rådmannen får fullmakt til å korrigere investeringsbudsjettet for 2018 i samsvar med vedtaket.*

### **Handsaming:**

### **Røysting** (ni røysteføre):

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.

### **Tilråding i formannskapet - 04.04.2018 til kommunestyret:**

*Kommunestyret syner til formannskapet sitt vedtak i PS-sak 49/18, og vedtek å kjøpe eigedomen Hasleveggen 3, gnr. 118, bnr. 18 i Volda kommune for ein kjøpesum stor kr. 7.100.000,-. I tillegg kjem kostnader knytt til kjøpet.*

*Kjøpet vert å finansiere med låneopptak og rådmannen får fullmakt til å korrigere investeringsbudsjettet for 2018 i samsvar med vedtaket.*

### **PS 58/18 Høyring om søndagsopne butikkar**

#### **Administrasjonen si tilråding:**

- 1. Volda kommune syner til at forslag til endringar i heilagdagslova var ute til høyring i 2015. Kommunen støtta ikkje framlegg til endringar i lova då, og ser ikkje at situasjonen har endra seg vesentleg sidan då og vil såleis ikkje tilrå endringar i lova i samsvar med nokon av dei 4 modellane som er lagt ved.*
- 2. Skulle det i Stortinget likevel verte vedtak om søndagsopne butikkar, føreset Volda kommune at retningsliner for opningstider vert fastsett av sentrale mynde, og ikkje i den enkelte kommune.*

### **Handsaming:**

### **Røysting** (ni røysteføre):

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.



## VOLDA KOMMUNE

### Vedtak i formannskapet - 04.04.2018:

- 1. Volda kommune syner til at forslag til endringar i heilagdagslova var ute til høyring i 2015. Kommunen støtta ikkje framlegg til endringar i lova då, og ser ikkje at situasjonen har endra seg vesentleg sidan då og vil såleis ikkje tilrå endringar i lova i samsvar med nokon av dei 4 modellane som er lagt ved.*
- 2. Skulle det i Stortinget likevel verte vedtak om søndagsopne butikkar, føreset Volda kommune at retningsliner for opningstider vert fastsett av sentrale mynde, og ikkje i den enkelte kommune.*

### PS 59/18 Orienteringssaker

#### OS 40/18 Barnehageplass i Hornindal for barn busette i Volda kommune

#### OS 41/18 Kontrollutvalet - Orienteringar frå rådmannen sak 17/18

Teknisk sjef Rune Totland orienterte om status for arbeidet i Håmyra og trafikutfordringar ved Raudemyrsvegen, i samband med anleggsdrifta. Teknisk sektor vil gjere tiltak, for å betre situasjonen langs Raudemyrvegen.

#### OS 42/18 Søre Sunnmøre tingrett - endring av domstolsgrenser

#### OS 43/18 Politidirektoratet - Korrigerering av brev vedrørende beslutning om inndeling av namsdistrikt

#### OS 44/18 Polititenesta i nye Volda kommune

#### OS 45/18 Polititenesta i Volda etter overgang til ny lokal struktur 1. april

#### OS 46/18 Rovde Grendalag, Velsvik og Lauvstad grendautval og Innselset og Dravlaus grendalag - Innspel til nytt anbod ferjesambandet Volda-Lauvstad

#### OS 47/18 Skiltplan for Volda sentrum

Sølvi Dimmen viste til sak, fremma av Næringsforumet, om trafikktilhøva i sentrum, og reiste spørsmål om status i saka og om ein kan få fortgang i arbeidet. Teknisk sjef Rune Totland informere om at Næringsforumet har teke opp saka med Statens vegvesen, og ventar på tilbakemelding. Teknisk sektor har ikkje kapasitet til å handsame saka før til hausten.

#### OS 48/18 Trafikksituasjonen ved Bratteberg skule

Sølvi Dimmen viste til farlege trafikksituasjonar ved Bratteberg skule og reiste spørsmål om kva kommunen vil gjere for å løfte desse problemstillingane på kort sikt? Oppvekstsjef Per Ivar Kongsvik stadfesta problemstillinga og kom med mulige tiltak til løysing. Planleggar Per Heltne





## VOLDA KOMMUNE

oppmoda skulane om å melde inn trafikkutfordringar, slik at dei vert med i revideringa av trafikktryggingsplanen.

### **OS 49/18 Trafikktilhøve ved Vikebygdvegen**

Sølvi Dimmen viste til store utfordringar for skuleborn langs Vikebygdvegen. Det er ikkje overgangsfelt etter Heltneblokkene, vegen har ingen fartsdempande tiltak og det er rapportert lite respekt for fartsgrenser. Sølvi Dimmen reiste spørsmål om kva kommunen vil gjere for å sikre dei mjuke trafikkantane som kryssar Vikebygdvegen? Planleggar Per Heltne og teknisk sjef Rune Totland svara at kommunen er i dialog med Statens vegvesen og at løysinga truleg vert tilrettelagt kryssing av vegen. Administrasjonen vil følgje opp saka.

Møtet slutt kl. 15.20

Rett utskrift,  
Volda kommune, servicekontoret  
05.04.2018

Sonja Håvik  
førstekonsulent